



**ALVER**  
KOMMUNE



**ALVER**  
KOMMUNE

## Detaljreguleringsplan

*E39 Molvikkrysset,  
PlanID 1263 201703*

**Føresegner**  
**(jf plan- og bygningslova § 12-7)**

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID
				17/3009





## § 1 Generelt

§ 1.1 Det regulerte området er utbetring av kryss på E39 til Bjørsvik og Molvik, vist på plankart i mål 1:1000, datert 27.03.2020.

§ 1.2 Planområdet skal nyttas til følgjande føremål:

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 ledd nr 2)

- Veg (SV)
- Køyreveg (SKV)
- Gang- og sykkelveg (SGS)
- Annan veggrunn (SVG)
- Kollektivhaldeplass (SKH)
- Parkeringsplassar (SPP)

Landbruk -, natur- og friluftsføremål (pbl § 12-5 ledd nr 5)

Landbruk

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden. (L)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl §12-5, nr. 6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone(V)

Omsynssoner (pbl § 12-6)

- Ras- og skredfare (H310)
- Frisiktsone veg (H140)
- Støysone etter T-1442 (H210 og H220)

Føresegningsområde (pbl § 12-7)

- Anlegg- og riggområde(91)

## § 2 Fellesføresegner

§ 2.1 Kulturminne

Om ein under anleggsarbeidet skulle avdekke ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 8.2.

§ 2.2 Plan for ytre miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) i samband med byggeplan.

§ 2.3 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) i samband med byggeplan.

§ 2.4 Forureining

Forureining i grunn

Ved avdekking av forureina grunn skal dei forureina massane handsamast etter dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter og etter fastlagte tiltaksplanar. Tiltaksplanar utarbeidast under detaljprosjekteringa.

Forureining i vatn

Vassførekomstar skal vernast mot skade. Avdekking av forureining av vassførekomstar skal handsamast etter gjeldande lover og forskrifter og etter fastlagte tiltaksplanar. Tiltaksplanar utarbeidast ved utarbeiding av plan for ytre miljø (YM-plan).

Vasskvaliteten i Husdalsvatnet skal overvakast i anleggsperioden. Drikkevatt skal overvakast etter krav til grenseverdier i drikkevassforskrifta. Overvakinga skal starte 6 månader før anleggsarbeidet startar.

Det skal nyttast metodar for utfylling av massar og oppføring av konstruksjonar til veganlegget som i størst mogeleg grad avgrensar skade på vasskvaliteten.

Det skal nyttast sikringstiltak, som t.d. siltgardin, for å hindre forureining i anleggsperioden.



Ved utarbeiding av YM-plan skal aksept for nivå av forureining avklarast med kommunen. Varslingsrutinar skal inngå i YM-planen.

#### § 2.5 Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal i størst mogeleg grad ligge til grunn ved utforming av veganlegget.

Busshaldeplassen skal utformast slik at dei kan nyttast av alle menneskje på ein likestilt måte så langt det er mogeleg utan spesielle tilpassingar eller hjelpemidlar.

#### § 2.6 Landskap og estetisk kvalitet

Terrenginngrep i samanheng med veganlegget skal skje mest mogeleg skånsamt. Fjellskjeringar og fyllingar skal rundast av og tilpassast tilgrensande terreng. Noverande vegetasjon skal ivaretakast i størst mogeleg utstrekning. Sideterreng og fyllingar skal revegeterast.

Fylling mot vatn frå Molvikavegen tilpassast terreng i området, jf. illustrasjon i planomtalen og avsluttast med ei plastra fylling.

Det skal utarbeidast O-teikningar i prosjekteringsfasen.

#### § 2.7 Mindre avvik innanfor område

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor område *Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)*, vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som t.d. grunntilhøva eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegføremål vil fråvika noko frå det som kjem fram av føremålsgransene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresett brukt som tilstøytane føremål.

### § 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(pbl § 12-5 ledd nr 2)

#### § 3.1 Veg (SV)

SV skal nyttast som tilkomst til eigedom gnr./bnr. 231/10.

#### § 3.2 Køyreveg (SKV)

o\_SKV1 er europaveg E39.

o\_SKV2 er kommunale vegar.

#### § 3.3 Gang- og sykkelveg (SGS)

o\_SGS skal opparbeidast med fast dekke.

På o\_SGS3, o\_SGS4 og o\_SGS5, er det tillate med køyring til gnr./bnr. 231/10.

#### § 3.4 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

Areal avsett til Annan veggrunn - grøntareal har same eigarstatus som vegen dette arealet er knytt til.

Innanfor annan veggrunn - grøntareal vert det tillate oppføring av naudsynte tiltak for bygging, drift og vedlikehald av veganlegget. Det vert mellom anna tillate etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar, grøfter, murar, rekkverk, veglys, leskur, trapper, stiar og gangkryssingar, og vegteknisk infrastruktur som t.d. konstruksjonar, og tilhøyrande murar. Arealet kan og nyttast til anlegg- og riggområde i anleggsperioden.

I o\_SVG3 kan det etablerast sikringstiltak for drikkevasskjelda Husdalsvatnet, som t.d. system for reinsing av vegvatn.

I o\_SVG3 skal det leggest til rette for etablering av kantvegetasjon langs vatnet.

I o\_SVG3 skal gammal asfalt fjernast.

Terrenghandtering skal gjerast ferdig på same tid som resten av veganlegget. Jordskråningar skal, der det er mogeleg, revegeterast naturleg med stadeigen vegetasjon. Terrenghandtering skal vere ferdig seinast vårsesongen etter at veganlegget er opna.

#### § 3.5 Parkeringsplassar (SPP)

o\_SPP skal nyttast til offentleg tur- og pendlarparkering.

Arealet kan nyttast til anlegg- og riggområde i anleggsperioden.

#### § 3.6 Kollektivhaldeplass (SKH)

o\_SKH2 skal opparbeidast i samsvar med plan.

### § 4 Landbruk-, natur- og friluftsføremål

(pbl § 12-6 ledd nr 5)

§ 4.1 For kvart areal som er sett av til L skal gjeldande kommuneplan med føresegner vere gjeldande. Dette gjeld og områda med føresegnområde # mellombels anleggs- og riggområde unntatt i anleggsperioden. Etter anleggsperioden skal arealet førast tilbake til dagens bruk.



**§ 5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl 12-5 nr. 6)**

§ 5.1 I område V1 kan det etablerast fylling under vassoverflata.

**§ 6 Omsynssone (pbl § 12-6, jf. § 11-8a)**

§ 6.1 Ras- og skredfare  
H310\_1 er faresone for snøskred og steinsprang. H310\_2 er faresone for snøskred.

§ 6.2 Frisiktsone veg  
I området med frisiktsline og veg (frisiktsone H140) skal det ved avkøyrslar vere fri sikt i ei høgd av 0,5m over tilgrensande veg sitt plan.

§ 6.3 Støysoner (H210 og H220)  
Råda i T-1442 (*"Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging"*) og rettleiaren til denne (M-128), skal, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte-vurderingar, overhaldast. Det skal gjerast to separate vurderingar for støy, ein i anleggsperioden og ein for det ferdige veganlegget.

**§ 7 Føresegsområde (pbl § 12-7)**

§ 7.1 Mellombels anlegg- og riggområde #1, #2 og -#3

Områda avsette til anlegg- og riggområde kombinert med andre gjevne hovudføremål, kan, så langt ikkje anna er spesifisert, nyttast til anleggsområde inkl. riggplass, anleggsveggar, omkøyringsveggar, mellombels lager for alle typar masser og lagerplass for bygningsmateriell og maskiner så lenge det er anleggsarbeid.

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at anlegget er teke i bruk, skal areal for anlegg- og riggområde, i størst mogeleg grad tilbakeførast til tilsvarande stand som områda hadde før anleggsstart, eller til nytt føremål gitt i plan.

Føremålet *mellombels anlegg- og riggområde* tar slutt og skravur fjernast frå planregisteret når veganlegget er overtatt til planlagt bruk. Områda skal etter dette nyttast til dei føremål dei er regulert eller disponert til, og med føresegner frå gjeldande planer.

**§ 8 Eigarform (pbl § 12-7, nr. 14)**

§ 8.1 Offentleg  
Offentlege areal er vist i plankartet med prefiks o\_.

§ 8.2 Felles  
Areal regulert til felles eigarform er vist i plankartet med prefiks f\_.

§8.3 Anna  
Areal regulert til anna eigarform er vist utan prefiks i plankartet.